

Protokoll GK Osterøy Utvikling AS

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Fjeldstad, Lars (16.06.1993), signert 08.07.2023 med Signicat Sign BANKID
- Hoel, Tanja Elisabeth K (31.07.1975), signert 11.07.2023 med Signicat Sign BANKID_MOBILE



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Protokoll frå generalforsamling i Osterøy Utvikling AS for 2022



Sted: Rådhuset i Lonevåg
Tid: Onsdag 28. juni kl. 10.00
Tilstade: Ordfører Lars Fjeldstad, Osterøy kommune
Styreleiar Tanja Knabenschuh Hoel
Dagleg leiar Bobby Sander Tomassen

SAKSLISTE

1. Val av møteleder, referent og protokollunderskrivar

Desse blei valt:

Møteleiar: Lars Fjeldstad, ordfører i Osterøy kommune
Referent: Bobby Sander Tomassen, dagleg leiar i Osterøy Utvikling
Protokollunderskrivar: Tanja Knabenschuh Hoel, styreleiar i Osterøy Utvikling

2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det framkom ingen merknader til innkalling og saksliste. Generalforsamlinga vart derfor erklært lovleg satt.

3. Registrering av eigar

Osterøy kommune (100%) v/ordfører Lars Fjeldstad.

4. Godkjenning av selskapets årsrekskap for 2022, her under disponering av overskot

Årsrekskap og revisor si melding blei gjennomgått og godkjent utan merknader. Årets underskot på kr 331.813 blei vedtatt inndecka ved overføring frå annan eigenkapital.

5. Godkjenning av årsmelding for 2022

Årsmeldinga for Osterøy Utvikling blei gjennomgått og godkjent utan merknader. Styreleiar gjorde greie for styret sine prioriteringar for 2022 og la vekt på at selskapet berre har ein tilsett. Ho peikte samtidig på nokre område som trengjer avklåring i det vidare arbeidet.

6. Godkjenning av godtgjersle til revisor

Revisjonshonoraret vart godkjent.

7. Valkomité

Osterøy Utvikling skal frå denne generalforsamlinga fungere med eigen valkomité med mandat, funksjon og oppgaver som beskrive i innkallinga.

Funksjon og oppgaver

Valkomitéens formål er å hjelpe generalforsamlinga med å sikre ei god samansetjing av styret som vil ivareta selskapets og aksjonæranes samla interesser. Utover dette varierer valkomitéanes oppgaver, men omfattar vanlegvis å:

- innstille styrekandidatar, inkludert styreleiar, og medlemmar til styret til generalforsamlinga
- innstille på godtgjersles til styrets medlemmar
- innstille på kandidatar til valkomitéen

Protokoll fra generalforsamling 2022_OsterøyUtvikling

Side 1 av 3

Rådhusplassen
N-5282 Lonevåg
Norge

+47 917 31 386
post@osteroyutvikling.no
www.osteroyutvikling.no

Organisasjonsnr.: 970956433 MVA
Bankgironr.: 3626.09.01448



8. Endring av vedtektene

a. Endring av §6 i vedtektene frå:

Selskapet sitt styre skal ha 5-7 medlemmer og 2-3 vararepresentantar i prioritert rekkefølge. Funksjonstida for alle er 2 år. Minst 2 av medlemmene og vararepresentantane er på val kvart år. Styreleiar vert valt kvart år. Ordførar og rådmann har møte og talerett. Generalforsamlinga vel medlemmer og vararepresentantar til styret.



Til:

Selskapet sitt styre skal ha 5-7 medlemmer og 2-3 vararepresentantar i prioritert rekkefølge. Funksjonstida for alle er 2 år. Minst 2 av medlemmane og vararepresentantane er på val kvart år. Styreleiar vert valt kvart år. Ordførar og rådmann har møte og talerett. Generalforsamlinga vel medlemmer og vararepresentantar til styret.

Generalforsamlinga vel og valkomité og leiar av valkomitéen.

Komiteen skal vere samansett av 3 medlemmar. Ein medlem vert valt for 1 år, ein for 2 år og ein for 3 år om gongen. Minst ein av medlemmane jobbar i næringslivet på Osterøy.

b. Endring av §9 i vedtektene frå:

På den ordinære generalforsamlinga skal fylgjande saker handsamast:

- 1. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap, her under utdeling av utbytte.*
- 2. Val av styre, styreleiar, nestleiar og revisor*
- 3. Vedtektsendringar*
- 4. Andre saker som ligg til generalforsamlinga å handsame*

Til:

På den ordinære generalforsamlinga skal fylgjande saker handsamast:

- 1. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap, her under utdeling av utbytte.**
- 2. Val av styre, styreleiar, nestleiar og revisor**
- 3. Val av valkomité og leiar av valkomitéen**
- 4. Fastsetting av godgjering for styret**
- 5. Vedtektsendringar**
- 6. Andre saker som ligg til generalforsamlinga å handsame**

9. Godtgjersle til styret sine medlemmer og vararepresentantar for 2023

Godtgjersle for styreleiar på kr 60.000 i årleg honorar og møtegodtgjersle for alle styremedlemmer på kr 2.000 per møte blei vidareført utan endringar.



10. Val av

a. Styremedlemmer og vararepresentantar

Styremedlemmar:

- Janne Vangen Solheim (ny, to år)
- Ruth Brusdal (attvalt, to år)
- Bjørn Øvsthus (attvalt, to år)

Vararepresentantar:

1. Renate Nedregård (attvalt, eitt år)
2. Alf Terje Mortensen (ny, eitt år)

Styreleiar: Janne Vangen Solheim (ny, eitt år)

Desse styremedlemmane stod ikkje på val (står på val i 2024):

- Johannes M. Bysheim
- Veronica Ahmer

b. Valkomité

- Tanja Knabenschuh Hoel - 1 år, leiar
- Jarle Skeidsvoll – 2 år
- Jørund Vevle – 3 år

Alle avgjerdene var samrøystes.

Osterøy, 28. juni 2023

Lars Fjeldstad
møteleiar

Tanja Knabenschuh Hoel
protokollunderskrivar



- Fjeldstad, Lars (16.06.1993), 08.07.2023
- Hoel, Tanja Elisabeth K (31.07.1975), 11.07.2023

